



ØRSTA KOMMUNE KI /EBTH

Teknisk sektor

200801596 -36

A : 312

Vartdal Vassverk v/Håvard Vartdal, 6170 Vartdal  
Grunneigarane ved Svartevatna/Risaskaret v/Geir Hole, 6170 Vartdal  
Buset og Vartdal Beitelag v/Bjørn Vartdal, 6170 Vartdal  
Buset /Vartdal Beitelag v/Harald Buset, 6170 Vartdal  
Buset /Vartdal Beitelag v/Odd Einar Vartdal, 6170 Vartdal  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
NVE, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo  
Knut Vartdal, Keiser Wilhelmsgt. 3, 6003 ÅLESUND  
Landbrukskontoret, her

Saksnr	Løpenr.	Saksansvarleg	Arkiv	Dato
2008/456	10685/2010	SELBERVIK	K54	06.10.2010

## **VARTDAL VASSERK - SØKNAD OM KONSESJON FOR Å NYTTE NEDRE SVARTEVATNET SOM NAUDVASSKJELDE TIL VARTDAL VASSVERK**

Ørsta formannskap handsama i møte 30.09.2010 søknad om løyve til å nytte Svartevatna som vasskjelde.

Vedtak og saksutgreiing følgjer vedlagt.

Med helsing  
Plan-, nærings- og miljøavdelinga

*Magnar Selbervik*

Magnar Selbervik

Miljøvernrådgjevar/planleggjar

Vedlegg:  
F.sak 137/10



# ØRSTA KOMMUNE

## Sentraladministrasjonen

Teknisk sjef for vidare ekspedering

Saksnr	Løpenr.	Saksansvarleg	Arkiv	Dato
2008/456	10560/2010	SELBERVIK	K54	04.10.2010

### Melding om vedtak i Ørsta formannskap 30.09.2010, sak 137/10:

#### SØKNAD OM KONSESJON FÅR Å NYTTE NEDRE SVARTEVATNET SOM NAUDVASSKJELDE TIL VARTDAL VASSVERK

#### Saksprotokoll tilråding / vedtak i Ørsta formannskap - 30.09.2010

#### VEDTAKET LYDER:

Ørsta formannskap (ØF) finn at spørsmålet om framtidig vassforsyning for Vartdal må inn i neste rullering av kommunedelplan for vassforsyning. Innbyggjarar og næringsliv må likevel sikrast tilstrekkeleg og godt nok vatn både no og i framtida. Kva som vil vere beste løysing både driftsmessig og i høve ålmenne og private interesser synes ikkje klart ut frå det som ligg føre i saka no.

NVE bør også vurdere tilhøvet til konsesjonen for Risaskaret kraftverk. Om NVE ikkje finn å kunne løyse saka gjennom dette no, rår ØF til at det vert gjeve eit tidsavgrensa løyve til å nytte Svartevatnet til naudvasskjelde inntil ei framtidig løysing for vassforsyninga på Vartdal kan verte utgreidd nærmare.

#### **Handsaminga (8 r.f.)**

Anne Stine Foldal Aam røyste spørsmål om sin habilitet i saka, då ho har skrive brev som tilsett i Mattilsynet.  
Ola Perry Saure røyste spørsmål om sin habilitet då han er styremedlem i Tussa, og dei gjekk frå ved handsaminga av habilitetsspørsmålet (7 r.f.)

Ordføraren fremja at Ola Perry Saure er ugild, og han vart samrøystes kjent ugild (7 r.f.)

Jostein O Mo fremja at Anne Stine Foldal Aam er gild. Ho vart samrøystes kjent gild og tok sete att (8 r.f.)

**Rådmannen si tilråding vart vedteken med 8 mot 0 røyster.**

#### **Rett utskrift:**

**Ørsta formannskapskontor**

*K. Osvik*  
Kari Osvik  
førstesekr.

---

Postadresse: Dalevegen 6  
6150 Ørsta

postmottak@orsta.kommune.no  
700 49 700      700 49 711

www.orsta.kommune.no  
939461450 MVA 3992.07.30144

Besøksadresse: Dalevegen 6



# ØRSTA KOMMUNE

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Magnar Selbervik

Arkivsak: 2008/456

Løpenr.: 9907/2010

---

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
	Ørsta formannskap	

---

Saka gjeld: **SØKNAD OM KONSESJON FÅR Å NYTTE NEDRE SVARTEVATNET SOM NAUDVASSKJELDE TIL VARTDAL VASSVERK**

**TILRÅDING TIL VEDTAK:**

Ørsta formannskap (ØF) finn at spørsmålet om framtidig vassforsyning for Vartdal må inn i neste rullering av kommunedelplan for vassforsyning. Innbyggjarar og næringsliv må likevel sikrast tilstrekkeleg og godt nok vatn både no og i framtida. Kva som vil vere beste løysing både driftsmessig og i høve ålmenne og private interesser synes ikkje klart ut frå det som ligg føre i saka no.

NVE bør også vurdere tilhøvet til konsesjonen for Risaskaret kraftverk. Om NVE ikkje finn å kunne løye saka gjennom dette, får ØF til at det vert gjeve eit tidsavgrensa løyve til å nytte Svartevatnet til naudvasskjelde inntil ei framtidig løysing for vassforsyninga på Vartdal kan verte utgreidd nærmare.

**Saksvedlegg:**

I	09.07.2010	05.07.2010	Vartdal Vassverk - Søknad om løyve til å etablere Svartevatna som vasskilde for Vartdal Vassverk i Ørsta kommune, Møre og Romsdal - høyring	Norges Vassdrags- og energidirektorat
I	01.09.2010	31.08.2010	Fråsegn til søknad frå Vartdal vassverk LL om å etablere heimste svartevatnet som permanent naudvasskjelde, samt oreigning knytt til dette	Grunneigarane ved Svartevatna/Risaskaret
I	02.09.2010	30.08.2010	Fråsegn til søknad frå Vartdal Vassverk LL om å etablere heimste Svartevatnet som permanent naudvasskjelde, samt oreigning knytt til dette.	Buset og Vartdal beitelag
I	08.09.2010	07.09.2010	Fråsegn til søknad frå Vartdal Vassverk LL om å etablere heimste Svartevatnet som permanent naudvasskjedle, samt oreigning i tilknytning til dette	Buset/Vartdal Beitelag v/Harald Buset
I	10.09.2010	08.09.2010	Fråsegn til søknad frå Vartdal Vassverk LL om å etablere heimste vatnet som permanent naudvasskjelde, samt oreigning i tilknyting til dette.	Buset / Vardal Beitelag
X	14.09.2010	09.09.2010	Søknad frå Vartdal Vassverk LL om permanent etablering av nedste Svartevatnet som naudvasskjelde - landbruksfagleg uttale	Landbrukskontoret

**Saksopplysningar:**

Vartdal Vassverk søker om løyve etter vassressurslova sin § 8 om å nytte Svartevatna som ekstra vasskjelde. Søknaden omfattar også ønske om ekspropriering av grunn og rettar som vil vere naudsint for gjennomføring etter oreigningslova. Risaskarvatnet (og Litjevatnet) er i dag regulert til kraftproduksjon. Vartdal Vassverk har forsyning frå Risaskardelva der dei hentar vatnet ved Fosshola nedanfor utlaupet av Tussa sitt kraftverk. Svartevatna ligg aust for Risaskarvatnet innover mot Skorgedalen.

Vartdal Vassverk søker om løyve til å regulere det neste (heimste/vestre) Svartevatnet med inntil 3 meter frå naturleg vasstand på kote 617 moh, ned til kote 614. Nedtappinga vil i følgje søknaden føregå gjennom ein 240 meter lang røyrleidning (vel 50 meter inn i Svartevatnet) med diameter på 30 cm. Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn. Søknaden gjeld unytting av Svartevatnet som naudvasskjelde for periodar med lite vasstilgang frå Risaskarvatnet.

NVE har tidlegare gjeve mellombels løyve til tilsvarende nedtapping vinteren 2001 og vinteren 2010. Ved begge høve vart søknadane handsama ved akutt mangel på vatn til vassverket og det vart sett krav om at røyra (innstallasjonane) vart fjerna i etterkant. I 2001 vart det og sett krav til at det skulle utarbeidast ein beredskapsplan for ivaretaking av sikker vassforsyning. Dette er ikkje gjennomført. På dei øvste ca 130 metera frå vatnet er leidninga gravd ned. Vidare ligg leidninga i dagen nedetter elvefaret mot Risaskaret, i følgje søknaden i ca 60 meters lengde. Søkjær har i møte oppgitt at leidninga gjerne kan kortast inn med 50- 60 meter. Dei neste ca 400 metera av elvefaret (ca 70 høgdemeter) frå kote 580 mot Risaskarvatnet (511 moh) renn vatnet fritt. Røyrleidninga har ventil i enden der ein kan regulere tappinga.

Delar av røyrleidninga måtte erstattast vinteren 2010 slik at det no ligg to slike rør i Svartevatnet og på den øvste delen. Etablering og bruk som naudvasskjelde har ikkje vore søkt godkjent etter pbl. Vi har administrativt purra på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen. Vert det gjeve konsesjon etter vassressurslova gjeld ikkje kravet til handsaming som byggjesak, men plandelen av pbl vil gjelde fullt ut. Vi legg opp til ei handsaming tilsvarende praksis i søknader om småkraftverk. Vert det gjeve konsesjon etter vassressurslova må søknaden også handsamast som ein dispensasjon frå kommuneplanen.

I følgje delegeringsreglementet i Ørsta kommune er formannskapet utval for rammevilkår og har ansvaret for all overordna planlegging. Formannskapet skal også utarbeide framlegg til kommunedelplanar/samla planar for forureiningsspørsmål, vassforsyninga mv. og har samordningsansvaret for å ivareta overordna miljøvernspørsmål.

Vi oppfattar spørsmålet om framtidig vassforsyning meir som eit overordna planspørsmål enn eit isolert spørsmål om konsesjon etter vassressurslova. Kva som er den framtidige løysinga på vassforsyninga for Vartdal burde vore vurdert gjennom kommunedelplanen/eigen plan for vassforsyning.

I tillegg til Vartdal vassverk som er største vassverket på Vartdal, har Ørsta kommune eit mindre vassverk i bygda, som primært forsyner Sætrefeltet.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådgjevande biologar (Rb) har formulert søknaden, som etter vår vurdering vel enkelt synes å leggje til grunn at då tiltaket alt er gjennomført er konsekvensane små. Rb vurderer i søknaden tiltaket til å ha ubetydeleg eller liten negativ konsekvens for ulike tema.

Vi saknar ei meir heilsakeleg tilnærming til drikkevassforsyninga på Vartdal no og i tida framover. Det vert i søknaden peika på at kraftverket i Risaskarvatnet truleg vil kome med ein søknad om utvida slukeevne/magasinkapasitet og at Vartdal Fiskeoppdrett vil kunne ha behov for vidare utviding. Vi legg vidare til at det i kommunedelplan for Vartdal er det teke høgde for ei betydeleg utvikling både i høve areal avsett til bustadar og næring.

Vi har administrativt oppfatta leiar for vassverket slik at det er meir enn nok vatn frå Risaskaret til vassforsyning av Vartdalsbygda både i dag og framover, men at ein i seinare år har kome i knipe på ettermiljøet grunna sterkt nedtapping gjennom kraftverket.

Det er i søknaden oppgitt at omsøkte tiltak vil kunne gje ekstra vassforsyning (utrekna til 300.000 m<sup>3</sup>) tilsvarende eit normalforbruk på inntil 25 døgn med full køyring av kraftverket.

Det er ei samfunnsmessig viktig oppgåve å sikre godt og tilstrekkeleg med vatn til innbyggjarar og næringsliv på Vartdal. Ved naudløysinga som no er søkt (og etablert) vil vatnet som vert tappa frå Nedre Svartevatnet måtte gå gjennom kraftverket i Risaskaret for å kunne utnyttast til drikkevassforsyning for Vartdal vassverk.

Søknaden skal handsamast som om tiltaka ikkje var etablert. Vi legg ved innkomne fråsegner til orientering, men kjem ikkje nærrare inn på det som gjeld privatrettslege tilhøve her. Vi legg likevel tilgrunn at lekkasjar i leidningsnettet vert tetta. Kommunen si rolle i høve søknaden vil vere å avvege framtidig arealbruk. Om det vert gjeve konsesjon og avklaring i høve gjeldande kommuneplan legg vi tilgrunn at det vert forsøkt å kome fram til frivillege avtalar før ein vurderer ekspropriering. Skal vassparande tiltak effektivt kunne setjast i verk for å redusere behovet for å nytte ei slik naudvasskjelde slik det vert omfatta i søknaden må Vassverket ha tillit og legitimitet i bygda.

Når det gjeld storforbrukarar som settefiskanlegget ligg dei fleste andre slike anlegg i kommunen meir isolert til og har eigne reguleringa for vassuttak med krav til oksygenering, ombruk av vatn og restvassførig i elvane.

Heile det aktuelle området (Risaskarvatnet og Svartevatna) ligge i LNF-område sone D, som er den strengeste LNF sonen i kommuneplanen. I temakart 2- friluftsliv er dette ein del av eit større friluftsområde vurdert som nasjonalt viktig med viktige turløyper gjennom Skorgedalen. Svartevatna ligg vidare i buffersona til det prioriterte inngrepsfrie naturområdet 15 a - Ørsta Alpane i gjeldande fylkesdelplan og vil i følgje søknaden redusere dette med ca 1,7 km<sup>2</sup>. Nedbørssfeltet er markert som som nedslagsfelt for vassverk.

Det er av stor verdi å bevare slike større sammanhengande frilufts- og naturområdet utan fysiske inngrep. Skal ein opne for inngrep her bør det vere tunge samfunnsinteresser som talar for det. Å sikre god og tilstrekkeleg vassforsyning kan vere eit slikt samfunnsviktig føremål. Ei slik avveging bør då kunne basere seg på ei brei vurdering av andre moglege alternativ.

Fysiske inngrep og nedtapping av Svartevatnet vil vere eit klart framandelement i dette landskapsområdet. Ein eldre enkel låg steinmur ved utlaupsbekken endrar ikkje dette.

Det er pr i dag ikkje sett krav til minstevassføring nedstraums inntaket til vassverket. Dette er noko som må vurderast. Vi er noko usikker på om den skisserte løysinga er framtidsretta nok og om det er andre løysingar som både driftsmessig og i høve ønskje om å samle inngrep kunne vore betre. Det er ikkje sett fram nokon alternative løysingar i søknaden. Ein vil då raskt måtte kome inn på konsesjonsvilkåra til kraftverket (Tussa) i Risaskarvatnet. Å sjå disse to konsesjonspliktig tiltaka i ein sammanheng er uansett naturleg. Også omsøkte tiltak vil påverke drifta (og konsesjonen) til kraftverket. Då Risaskarvatnet er større enn Svartevatnet ville ein td med ei opning for ei mindre ytterlegare regulering av dette vatnet i naudsfall, både samle inngrep og truleg sikre vassforsyninga til Vartdalsbygda.

Kommunen sitt vassverk basert på elvinntak er heller ikkje ei optimal løysing for framtida og bør sjåast i ein sammenheng, sjølv om vassverka i dag har separate vassleidningar. Dette pga av Vartdal Vassverk fram til no ikkje har vore godkjent av Mattilsynet. Elvesletta på Vartdal er ein potensielt stor grunnvassressurs. For å vurdere potensialet som vasskjelde vil det vere naudsynt med nærrare undersøkingar/målingar.

Mest direkte berørt/synleg av tiltaka i søknaden vert strandsona rundt Svartevatnet ved ei nedtapping og øvre del av utlaupselva som vil verte tørrlagt ved ei nedtapping. Ved utlaupet

(vestre del) er neste Svartevatnet langgrundt og ei nedtapping med opptil 3 meter vil her måtte tørrlegge eit betydeleg areal og syne godt att i landskapet. Lengre ausover går fjellsidene brattare ned i vatnet og vil kunne skape ei markert erosjonssone.

Det vert i eksterne merknader peika på at søknaden gjeld eit viktig beiteområde for sau, der snøen ligg lenge og ein får gode beiter utover i sesongen. Ei markert erosjonssone rundt vatnet kan gjere ferdsel rundt vatnet farleg for beitedyr.

Er Risaskarvatnet tappa ned og tilnærma alt vatn vert nytta til vassverket (via kraftverket) vil også vassføringa i Risaskarelva nedstraums inntaket måtte verte liten. Perioda med slik lita vassføring vil verte utvida med den tida det tek å fylle opp att magasinet i Svartevatnet. Det synes vere få/små sidebekkar som drenerer til Risaskarelva nedstraums inntaket til kraftverket. (v/Litlevatnet). Restvassføringa vert såleis truleg liten i periodar då vatna er nedtappa.

Vi oppfattar søknaden slik at den no gjeld unntaksvis nedtapping i kalde og tørre periodar, primært på ettermiddagen og tidleg vår. Det verkar likevel noko uklart kva omfangset/behovet seinare vil kunne verte om det omsøkte tiltaket er løysinga som vert valt for å sikre framtidig vassforsyning til Vartdal.


Det vert i søknaden peika på konsekvensar for istilhøva ved nedtapping vinterstid. Omfattande skilting i dette inngrepstilte naturområde vil også vere eit framandelement og ikkje ønskjeleg.

Det er i følgje vore opplysningar ein rein bestand av aure i både Svartevatna og Risaskarvatnet. Utlaupselva frå Svartevatnet er flat i øvre del og er truleg gyteområde for auren. Ei tørrlegging av øvre del av utlaupsbekken og grunne parti av strandsona vil måtte få konsekvensar for aurebestanden. I fleire andre vatn i og rundt Skorgedalen er også røya etablert.

I følgje søknaden skal leidninga verte ”*skånsomt gravd ned og dekket til slik at den ikke skaper sår i terrenget utover det som er absolutt nødvendig*”. Det er i dag samla ein heil del Stein som er lagt oppå den nedgravde røyrleidninga, noko som gjer traseen markert i terrenget. Dette bør det rettast på. Det står vidare eit pumpeaggregat som er dekt til med pressenning

Her står også eit pumpeaggregat på røyrleidninga like vest for Svartevatnet som er dekt til med pressenning. Etablering av ein mindre pumpehus i treverk vil etter vår vurdering vere ei langt betre løysing.

Vartdalsbygda må sikrast tilstekkeleg med drikkevatn av god nok kvalitet, men kva som vil vere ei framtidsretta løysinga både driftsmessig og i høve ålmenne og private interesser synes uklart. Før ein vurdere å gje permanent løyve til inngrep i viktige natur- og friluftsområde bør også andre alternativ for den framtidige samla vassforsyninga for Vartdalsbygda vurderast. NVE bør i dette høve også vurdere tilhøvet til konsesjonen til Risaskaret kraftverk.

  
Asbjørn Moltdal  
Raamann

  
Svein Silseth  
Fung Teknisk sjef